

EID KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE			
Møtestad:	Møterom 1. etg.	Møtedato:	16.04.2012
		Frå kl. :	10:15
		Til kl. :	13:45
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :		Møtte:	Forfall:
Roy Andre H Bruvoll		X	
Kristen Hundeide.		X	Ikkje med i sak 19-21/12
Hilde Henriksen.		X	
Siv Emdal.		X	
Ørjan Tystad		X	
Personlege varamedlemmer :		Møtte:	
Ida Elisabeth Lien Ohrvik			
Karin Husevåg			
Eivind Bjørke			
Terje Johnsen			
Kåre Nils Os			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			
Andre som møtte :			
SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø			
Kommunalsjef v/Elin Leikanger sak 19/12.			
Forvaltningsrevisor Gunnar Ryste sak 12-19/12			
Revisor Kay Rune Solheim, sak 12-19/12.			
Økonomisjef Ole Starheim sak 14 - 16/12			

SAKLISTA I MØTET :

- 012/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
 013/12 Skriv og meldingar.
 014/12 Årsrekneskapen 2012 Eid kommune
 015/12 Årsrekneskapen 2012 Eid Fjordvarme KF.
 016/12 Prosjektrekneskap - prosjekt nr 4001 Kjøp av ny brannbil.
 017/12 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisors sin ubundenskap.
 018/12 Orientering protokollar utval/styre i Eid kommune.
 019/12 Overordna analyse - Eid kommune.
 020/12 Oppfølgingsliste 2-2012 - Eid.
 021/12 Eventuelt.

Merknader :

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

UNDERSKRIFTER :

Roy Andre H Bruvoll
 Roy Andre H Bruvoll (leiar)

KRISTEN HUNDEIDE

Hilde Henriksen
 Hilde Henriksen

Siv Emdal
 Siv Emdal

Ørjan S. Tystad
 Ørjan Tystad

Vidar Øvrebø
 Vidar Øvrebø, sekretær

012/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	012/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

013/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit sekretariat
Dato: 30.03.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	013/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 02-12: Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Eid kommune.
- SM 03-12: Årsrapport for 2011 Skatteoppkrevjaren i Eid kommune.
- SM 04-12: Skatteoppkrevjaren i Eid – Verksemdsplan 2012.
- SM 05-12: Vedtak kommunestyresak 015/12 Sluttrekneskap – Kulturbygg Mehl.
- SM 06-12: Vedtak kommunestyresak 016/12 Sluttrekneskap – Rockescene ved Eid vidaregåandeskule.
- SM 07-12: Orientering v/kontrollutvalsleiar om framdrift overordnaanalyse.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

014/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.04.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	014/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Eid kommune.
- Rekneskap 2011. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2011. (Sendt frå kommunen).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Eid kommune, datert 16.04.2012.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Eid kommune, datert 16.04.2012.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Eid kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av fråsegna. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet sitt utkast til fråsegn er utarbeidd i samsvar med mal utarbeidd av NKRF i 2005/2006.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Til
Kommunestyret i Eid

Nordfjordeid 16.04.2011

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR EID KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Eid kommune er handsama i kontrollutvalet i Eid 16.04.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 26.03.2011.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen.

Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. 7,247 millionar, og eit netto driftsresultat på minus kr. 0,82 mill. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 3.814 mill.

Det er kommunestyret som er ansvarleg for disponering av mindreforbruket, og at dette skjer i samsvar med lovverket.

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 341,5 mill. Rekneskapen viser kr. 373,7 mill. Det er særleg posten "Overføringar med krav til motytingar" som har avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjett på kostnadssida var kr. 339,5,5 mill. Rekneskapen viser kr. 366,5 mill. Posten "Lønsutgifter" har det vesentlegaste avviket.

Revidert budsjett for eksterne finanstransaksjonar var kr 28,8 mill. Rekneskapen viser kr. 34,3 mill. Posten «tap på finansielle instrument» har det vesentlegaste avviket i høve til budsjett.

Netto driftsresultat er kr. 6,930 mill. dårlegare enn budsjettet.

Etter motpost på avskrivningar og interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 3,814 mill.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Av årsrekneskapen og årsmeldinga går det fram at tenesteområda har resultat med relativt lite avvik i høve til justert budsjett. Samla har einingane eit forbruk som er 4,480 mill. over budsjett. Kontrollutvalet viser til årsmeldinga side 11 og utover for nærare detaljar.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka meirforbruk på kr. 1,118 mill. 0,623 mill av desse vil bli dekkja inn av tilskot frå Husbanken. Det må finnast budsjettdekning restbeløpet


Gjeldsgrada til kommunen er auka frå 76,9 % i 2010 til 82,9 % i 2011. I årsmeldinga peikar rådmannen på at Eid kommune har høg netto lånegjeld samanlikna med dei det er naturleg å samanlikne seg med. Den auka gjeldsgraden kjem av reduksjon i kommunens fond og endring i føring av pensjonsmidlar i balansen.

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Jfr. balansen og side 10 i årsmeldinga.

Vi viser til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å forklare rekneskapen på ein god måte.

Vi viser til revisjonsmeldinga. Revisor har levert revisjonsmelding utan merknader.


Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Eid kommune kan godkjennast slik han ligg føre.



Roy Andre H Bruvoll
-leiar-




Kristen Hundeide
-nestleiar-



Siv Emdal



Hilde Henriksen



Ørjan Tystad

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

015/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 – EID FJORDVARME KF

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.04.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	16.04.2012	015/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Saksutgreiing frå rådmannen til formannskapet og kommunestyret.
- Saksutgreiing frå Eid Fjordvarme KF til Eid kommune.
- Revisjonsmelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord, datert 28.03.2012.
- Årsrekneskapen og årsmelding 2011, datert 07.03.2012. (Sendt ut frå administrasjonen i Eid kommune).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 28.03.2012.
- Årsrekneskapen 2011 for Eid Fjordvarme KF vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 28.03.2012.
- Årsrekneskapen 2011 for Eid Fjordvarme KF vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 – EID FJORDVARME KF

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2011 for Eid Fjordvarme KF.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen er lagt fram av Styret for Eid Fjordvarme KF den 19.03.2012.

Revisjonsmelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord er datert 27.03.2012.

Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat på – 196.943,13 kroner og eit netto driftsresultat på – 24.571,20 kroner.

I revisjonsmeldinga kjem det til uttrykk at rekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter, og at rekneskapen gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2011.

Sekretariat gjer merksam på at i alle rekneskapsaker er det formannskapet som gjer innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er inviterte til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er kalla inn til møtet. Dei kan gi nærare informasjon om kontrollhandlingar som er utførte i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje presiseringar eller atterhald til rekneskapen i revisjonsmeldinga. Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

016/12 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4001 KJØP AV NY BRANNBIL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	016/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4001 Kjøp av ny brannbil.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

- Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4001 KJØP AV NY BRANNBIL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4001 Kjøp av ny brannbil. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 3.486.438,14. Budsjettramma for prosjektet var kr. 3.500.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 13.561,86.

Prosjektet er finansiert ved bruk av lånemidlar.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.

017/12 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	017/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Vurdering av ubundenskap, datert 05.03.12

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 22.02.2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 22.02.2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, har i brev datert 05.03.12 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Eid kommune.

Til
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Innleiing

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

Den som utfører revisjon for ein kommune eller fylkeskommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne

- a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold
- b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold og
- c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon - direkte:	E-postadresse:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87	revisor@eid.kommune.no
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandane	57 00 92 64	revisor@gloppen.kommune.no
	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08	revisor@hornindal.kommune.no
	SELJE		6740 Selje	57 85 85 26	revisor@selje.kommune.no
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19	revisor@stryn.kommune.no
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måley	57 84 50 29	revisor@vagsoy.kommune.no

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13.

- Revisor kan, jamfør forskrifta, ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller fylkeskommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i, eller ha funksjonar i anna verksemd når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jamfør revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgjeving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gje tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine (dvs. kommunen sine) egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg - og oppdragsrevisor si vurdering av sjølvstende

Pkt 1: Tilsettingstilhøve	<i>Underteikna har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betydning for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgjeving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p>Før slike tenester vert utført gjer ein ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i høve til revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild.</p> <p>Revisor gjev jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</p> <p><i>Underteikna har ikkje gjeve rådgjeving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i></p>

Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Underteikna har ikkje gjeve tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig	<i>Underteikna opptre ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD


 Markvard Sunde
 Revisjonssjef

Kopi til:

Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

018/12 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	018/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

Saksopplysningar:

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling, kulturstyret.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Protokollar vert fortløypande sendt frå Eid kommune til dei respektive medlemene nemnt ovanfor.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følgje opp.

019/12 OVERORDNA ANALYSE– EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 02.04.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	019/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Dokumentet «Overordna analyse for Eid kommune» med vedlegg, datert 03.04.2012 (Foreløpig utgåve)

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 038/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Eid kommune, datert 3. april 2012 og presentasjon av Overordna analyse av kommunerevisjonen i Nordfjord i møtet.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Eid kommune, datert 3. april 2012 og presentasjon av Overordna analyse av kommunerevisjonen i Nordfjord i møtet.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.

OVERORDNA ANALYSE– EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalssak 038/11 ”Overordna analyse”, vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Vi vel å handsame overordna analyse i eit møte før møtet om plan for forvaltningsrevisjon for å gje kontrollutvalsmedlemene høve til å setje seg godt inn i overordna analyse og ha høve til, etter at overordna analyse er presentert av revisor, å tenkje gjennom kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein bør prioritere i plan for forvaltningsrevisjon.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har no utarbeidd overordna analyse. Denne er datert 02.04.2012. Kommunerevisjonen i Nordfjord presenterer overordna analyse i møtet.

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Denne vert lagt fram i neste møte. Kontrollutvalet si oppgåve vil vere å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2012 – Eid kommune», i denne omgong gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.

Sekretariatet sine vurderingar:

020/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 - EID

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	16.04.2012	020/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Eid.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 2-2012 – Eid vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 2-2012 – Eid vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 - EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 30. mars 2012.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2012 - Eid.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	23.11.10		23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
25/11	09.06.11		Tilråding frå KU til kst: - Kommunestyret visert til brev frå rådmannen til kontrollutvalet om Oppfølging kommunestyrevedtak – Rapport "Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune", datert 30.05.2011. - Kommunestyret registrerer at det er sett i verk tiltak for å sikre at tilsette har kunnskap og tilstrekkeleg informasjon om kommunen sine innkjøpsavtalar. - Kommunestyret registrerer at administrasjonen har teke initiativ til å få på plass eit innkjøpsamarbeid med dei andre Nordfjordkommunane, og at det er konkrete tiltak på gong. - Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015. 09.06.11: Levert kommunen i etterkant av møtet. 09.06.11 s. e-post med stadfesting om overlevering av dokumenta. 23.06.11. Vedtak kst.sak 054/11.i samsvar med tilrådinga frå KU.
30/11 Skriv og meldingar	04.10.11		04.10.11: Vedtak KU - KU ber administrasjonen om å utbetale møtegodtgjersle i tråd med vedtak 053/11 i KS den 23.06.2011. 05.10.11 Sendt brev til Eid kommune. 15.12.12 Vedtak kst sak 121/11 Referatsaker.
36/11 Skriv og meldingar	22.11.11		22.11.11 – Vedtak KU – teke til vitande
37/11 Forvaltningsrevrappport "Optimal bruk av tilskotsordningar" – Eid	22.11.11		22.11.11 Vedtak kontrollutvalet – s kst til orientering 23.11.11 s/kst. 30.03.12 Korrigert vedtak på oppfølgingsliste
38/11 Overordna analyse	22.11.11		22.11.11 Vedtak KU – Tingar OA frå KIN.
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU – Ikkje merknader
002/12 Effektivering av kommunestyrevedtak 058/11 Sal av kommunale eigedomar	08.02.12		08.02.12: Vedtak KU – Teke til vitande.

v/rådmannen.			
003/12 Beredskapsplan ekstremver og liknande – Orientering v/rådmannen.	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU: <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - Kontrollutvalet vil følgje opp at kommunen set i verk dei tiltaka som vart skissert under orientering. - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen for å få status i arbeidet på slutten av året.
004/12: Skriv og meldingar	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
005/12 Årsmelding 20152 frå kontrollutvalet	08.02.12		08.02.12: Tilråding til kst. 14.02.12 s. kst. 15.03.12 s. kst på nytt. 26.03.12 s. kst på nytt
006/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU – Godkjent m endringar
007/12 Orientering protokollar utval/styre Eid kommune.	08.02.12		08.02.12: Vedtak KU – Teke til vitande.
008/12 Oppfølgingsliste 1-2012- Eid	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU. <ul style="list-style-type: none"> - Sak om oppfølging av innkjøpsfunksjonen, jfr sak 25/11 vert ført opp igjen på oppfølgingslista. 30.03.12 – Ført opp igjen på lista. <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet ber om at presentasjonane på seminaret på Skei 23.01.2012 vert sendt dei medlemene som ikkje vart til stades. 16.02.12 Lagt ut presentasjonar på heimesida
009/12 Eventuelt	08.02.12		08.02.12 Ikkje teke opp saker
010/12 Prosjektrekneskap 4472 rockescene ved Eid vgsk	08.02.12		08.02.12 Tilråding til kst 08.02.12 s. kst 01.03.12 Vedtak kst sak 015/12
011/12 Prosjektrekneskap 1028 Kulturbygg Mehl	08.02.12		08.02.12 Tilråding til kst 08.02.12s kst 01.03.12 Vedtak kst sak 016/12
012/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	16.04.12		
013/12 skriv og meldingar	16.04.12		
014/12 Årsrekneskapen 2012 Eid kommune.	16.04.12		
015/12 Årsrekneskapen 2012 Eid Fjordvarme KF.	16.04.12		
016/12 Prosjektrekneskap – prosjektnr 4001 Kjøp av ny brannbil.	16.04.12		
017/12 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.	16.04.12		
018/12 Orientering protokollar utval/styre i eid kommune	16.04.12		
019/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Eid	16.04.12		
020/12 Eventuelt	16.04.12		

Oppdatert 30.04.2012.

021/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 30.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.04.2012	021/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Møtet den 7. juni 2012 blir flytta til 11. juni 2012.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.